

**NOTAT**

Til: Styringsgruppa  
Fra: Vestland fylkeskommune  
Kopi:

**Vedlegg 3**

Saksbehandlar/telefon:  
Torill Klinker / 90899261  
Vår dato: 19.01.2023

**Sak 20/23****Bruk av post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud****Bakgrunn**

Denne saka er ei oppfølging av møtet i styringsgruppa for Bypakke Bergen den 16. desember der *Endra bruk av tilskot til reduserte bompengar vart handsama under sak 88/22.* Fylgjande går fram av referatet: *Styringsgruppen i Bypakke Bergen vedtar, med bakgrunn i den lokalpolitiske behandlingen, at tilskudd til reduserte bompenger skal benyttes til bedre kollektivtilbud, så snart reverseringen av takster er implementert. Konkretiseringen av hvordan tilskuddet til bedre kollektivtilbud skal brukes, vedtas av Miljøløftets styringsgruppe.*

I same møte vart sak om *Håndtering av merforbruk for Bybanen byggetrinn 4* handsama, og styringsgruppa vedtok å nytta 174 mill. frå post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud, til å dekka delar av overskridinga. 174 mill. var summen av tilskotet for 2020, 2021 og 2022. Ved årsskiftet stod det difor kroner 0,- på denne potten, som Fylkeskommunen handterer på vegne av partane.

*Post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud* var opprinnelag ein halvdel på 55 mill. av totalt 110 mill. (2020-kr) årleg som staten utbetalte til Bergensområdet gjennom byvekstavtalen. Den andre halvdelen var øyremerka reduserte bompenger. Ettersom bompengeforliket no vert reversert, og styringsgruppa har vedteke å nytta også denne potten til betre kollektivtilbod, vil avtaleområdet frå og med 2023 fordela ein større del av den samla potten på 118 mill. (2023-kr) til betre kollektivtilbod.

Ettersom reverseringa av bompengeforliket og ein auke av elbiltakstane vert effektuert frå og med 1. mars 2023 vil om lag 10 mill. av potten måtta nyttast til reduserte elbiltakstar også i 2023. Frå og med 2024 vil heile potten på 118 mill.(2023-kr) vera øyremerka betre kollektivtilbod.

Midlane har i perioden 2020-2022 vore øyremerka *Bybanen*, utan nærmare konkretisering. Dette vart partane i fellesskap einige om i etterkant av bompengeforliket, hausten 2019. Det er også nedfelt i gjeldande byvekstavtale at: *Det er lokal semje om å bruke midlane til*

*Bybanen.* Fylkeskommunen og Bergen kommune har ei klår forventning om at midlane også for resten av avtaleperioden vert nytta til *Bybanen*.

Partane er kjent med at Staten kan tilbakehalde midlar dersom bruken ikkje er konkretisert. Det er likevel fylkeskommunen og Bergen kommune si vurdering at ein bør venta med ytterlegare konkretisering til reguleringsplanen for Bybanen til Åsane er vedteken, våren 2023. Partane vil i fellesskap leggja fram ei sak om konkretisering av bruken av *Post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud* til styringsgruppa for Miljøloftet hausten 2023.

## Konklusjon

Bruk av *post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud* vert konkretisert hausten 2023.

Styringsgruppa tek saka til orientering